

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 2019

Bøverdalen - Lom - Garmo

78. årgang





Medmenneske

me trampa i storsko
over dei frosne markene til kvarandre

me trampa hol
det sprett isbitar og glasbrot

sjå – ein stilrar seg berrføtt mellom spora
sankar skåra
Han blør
vil me nokon gong trø varsamt
berrføtt
innover mot kvarandre?

Kyrie eleison
-miskunna deg over oss, Herre,
du som let signing veksa or sår!

Anna Magni

LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelven, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

FUNGERANDE TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
konto: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
konto: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds:	150,-
Utanbygds	200,-
Utanlands	250,-

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom
TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Presten sine tankar

Eg trur me alle ynskjer harmoni i livet vårt, men for mange endar det med det stikk motsette. Me menneske gjer mykje vondt mot kvarandre både med ord og handlingar, eller ved mangelen på ord og handlingar.

Det kan vere ord og handlingar som tek livsmotet frå andre, som øydelegg livet for dei som me skulle dele det med, eller ord og handlingar som rett og slett ikkje vert tala eller gjort.

I eit kinesisk ordsspråk heiter det: "Kald te og kald ris kan gå an, men kalde ord tåler ingen".

Kvífor seier og gjer me vonde ting mot kvarandre? Det er utroleg vanskelege spørsmål.

Eg har sjølv strevd med nederlag og konflikter i mitt eige liv. Eg har såra

menneske som eg er glad i, og eg har gjort ting eg angrar på i ettertid. Eg trur at djupt inni dei fleste av oss ligg eit ynskje om forsoning, og det å gjere opp for vondskapen og såra me sjølve er årsak til.

Eg har sjølv strevd med nederlag og konflikter i mitt eige liv.

Mange menneske strevar heile sitt liv med dårlig samvett, andre tek medmenneska si skuld og skam på seg som ei ekstra bør. Dessutan er det ofte vanskeleg å sjølv innrømme feil og be om tilgjeving. Korleis vågar me å sjå vårt eige liv med alle våre feil og svakheiter, utan å flykte frå sanninga? Det er ikkje enkelt å beklage sine feilgrep, og det skal det heller ikkje vera. Men dei som gjer det, visar mot. Erkjenninga av skuld baner veg for tilgjeving.

Tidlegare studier syner at menneske som har lett for å tilgje sine medmenneske, ligg høgare på trivselskurva enn dei som har problem med å tilgje og bere over med andre sine feil. Det må likevel aldri kome dit at det vert ein motesak å skulle tilgje. Ingen må kjenne seg pressa til det, eller ha dårlig samvett om dei ikkje klarer det. Me er alle sårbare og svake. Me treng alle stadfesting og anerkjening. Og me gjer alle feil og dumheiter. Nokre konfliktar og kriser er kan hende så store at forsoning er umogeleg. Nokre kjerner seg så svika og krenka, at dei meiner det som

har skjedd er uoppretteleg. Det finst ingen veg attende. Det finst ingen blanke ark att.

Det er viktig å seie følgjande: På mange av desse utfordringane finst ingen fasitsvar. Men likevel kan det vera viktig å minne kvarandre om dette: I ein kvar konflikt og krise finst der alltid minst to sider!

Me er ofte kjappe til å døme våre medmenneske, etter å ha fått servert berre den eine versjonen av sanninga. Det er som regel eit komplekst bilet bak ein kvar konflikt og krise.

Eg er oppriktig glad i ordet respekt. Å respektere tyder: "å sjå om att" eller "å sjå ein gong til". Me gjer oss ofte opp meinig om andre menneske ved fyrste augeblink eller gjennom vår eiga erfaring og opplevingar med eit menneske – eller gjennom kva andre menneske har fortalt oss om vedkommande. Sjølv om våre erfaringar er vonde, sjølv om me opplever å ha vorte svikne, sjølv om alt synest uoppretteleg – så sjå ein gong til på vedkommande! Spørsmålet til både deg og meg er: Kan me klare å leggi det vonde bak oss? Kan me klare å starte med blanke ark? Som sagt, for nokon vil det vera umogeleg, og det må me godteke. Men har du prøvd?



Påske og oppstandelsens håp

Korset kan vi fatte. Dødens virkelighet kjenner vi godt til. Men kan vi fatte oppstandelsen?

At våren kommer snart, det vet vi. Så lenge det er tale om sol og måne, blomster og trær, kan vi være i en grunnleggende tillit til tilværelsen. Men at oppstandelsen fra de døde, og nytt liv angår oss som hendelse, kan det være vanskeligere å tro eller begripe.

For kort tid tilbake besøkte jeg Sankt Peter-kirka i Kairo i Egypt. I 2014 var det et terrorangrep her. Det var vondt å se minneplatene med bilder av de 29 som ble drept. Da vi stod utenfor kirkeporten kom ei kvinne bort og pekte på bildet av ei av de drepte og sa at dette var hennes søster. Hun uttrykte sorg og savn i det hun fortalte, og slik ble de døde på minneplata mer enn navn. Dette gjorde et sterkt inntrykk sammen med det som under besøket ellers ble formidlet av tro, håp og tillit til at døden ikke er det siste.

I møtet med hun som hadde mistet søstera si, med kirkerommet og minneplatene tenkte jeg på påskeberetninga der mismot og frykt bredte seg bland Jesu venner da han døde. Da han sto opp, vendte motet tilbake. Det sier noe om at Jesu oppstandelse er vårt fremtidshåp, men også en livgivende kraft her og nå. –Frykt ikke! sa engelen ved graven. –Fred! Sa





Jesus da han møtte sine venner.

Ved besøket i Egypt var jeg også på retreat - og opplæringssenteret Anafora. Etter koptisk tradisjon har de mange ikoner og malerier. I en egen halvsirkel formidles historia om Maria Magdalena. Bildene viser at Maria Magdalena opplever seg sett av Mesteren, og at hun vil være Ham ved å vaske føttene hans. Senere klamrer hun seg gråtende til korset, og i sorg går hun til graven og får oppleve den oppstandne i hagen. På det neste ikonet i serien ser vi hvordan hun forteller de andre om hva hun har opplevd. Rak og myndig står hun der og forteller at Mesteren lever. Hun har møtt Ham! Hun har opplevd kraften og håpet i møtet med den oppstandne.

Påskemorgen slukker sorgen, sier salmen. Og jeg vil gjerne legge til – og skaper mot og håp! Påskens budskap kaster lys over livet og døden, forsoning og kjærlighet, nestekjærlighet og gudskjærlighet. Det folder seg ut i stadig nye nyanser i håpet som får sin sterkeste ramme i Jesus Kristus, som på påskedag viste oss at selv ikke døden kanstå imot kjærlighetens kraft.

Med ønske om velsignet påskehøytid!

Solveig Fiske
Hamar biskop





Fredag 8. februar samlast vi på kyrkjevollen og reiste av garde til Lillehammer og Haakons hall på konfirmantleir. Etter ankomst var det mat, før vi gjekk til Lysgårdsbakken og var med på opning-seremonien der OL-fakkelen vart tent.

PÅ HEKTA-leiren var det program frå morgen til seine kvelden. Dagen starta med mat. Vidare var det samling framom scena med bøn, allsang og ymse anna innslag. Deretter reiste konfirmantane ut på aktivitetar som dei på førehand hadde valt: mellom anna skiaktivitetar i Hafjell, bobkjøring i bob og akebana ved Hunderfossen, ymse aktivitetar på Kanthaugen og på Birkebeineren skistadion, bading på Jorekstad, formingsverkstad og curling i Kristinshall mellom anna.

Tidlegare konfirmantar frå heile landet kan melde seg som ungdomsleiarar, og dei hadde samlingar med ungdommane på kvelden, der dei arbeidde med tekster frå bibelen.

På kvelden var det samling ved scena att, før kveldsmat og god-natt song. Vi var så heldige å få med oss fire foreldre som stilte som nattevakter. Ein stor takk til Eva Kristin Bøje Kvandalsvoll, Geir Morten Bøje, Svein Arne Olsen og Jon Terje Husom.

Det er ingen sak å reise på tur med så snille og greie ungdommar som vi har i Lom kyrkjekommune!



Konfirmantjubileum

I år vert konfirmantjubileet laurdag kveld 28. september, med messe og avslutning 29. september. Dei som vert inviterte til jubileum i år, stod konfirmant i ei av kyrkjene våre på desse datoane:

Bøverdal kyrkje

- 8. oktober 1939
- 9. oktober 1949
- 4. oktober 1959
- 8. juni 1969

Garmo kyrkje

- 21. mai 1939
- 22. oktober 1939
- 2. oktober 1949
- 11. oktober 1959
- 22. juni 1969

Lom kyrkje

- 1. oktober 1939
- 25. september 1949
- 27. september 1959
- 15. juni 1969

Invitasjon kjem i posten etter at komiteen er kome i gang.

Er du jubileumskonfirmant, og ynskjer å vera med i festkomiteen, ring Guri på kyrkjekontoret på tlf: 481 65 528

Blomefondet og Vipps



Som mange andre har også kyrkja i Lom moglegheit for å betala med Vipps. Nytt av året er at ein også kan betala seg inn i blomefondet med Vipps. Dersom du ynskjer å stå på lista, lyt du ringa det inn til "koopen" på telefonnummer 992 11 665.

Vippsnummeret er 533520

Lom kyrkjekommune på vipps:

Ofring: 132954

Blomefondet: 533520



Konfirmantar 2019

Konfirmantar i Lom kyrkje

laurdag 18. mai kl. 12:00

Iselin Anna Aukrust
Kristian Bakken
Vårin Dagsgard-Marstein
Eirik Fjeld
Lars Fyrun
Hedda Vole Gjeilo
Vegard Hosarøygard
Jo Holø Husom
Anne Kjørren
Jon Bjørnstad Kolden
Madeleine Øfeldt Marstein
Anders Mørch-Reiersen
Jonas Nestvold
Stian Barlund Nicolaisen
Hallvard Ofigsbø
Sigmund Olsen
Eilen Teigen Skaansar
Andrea Kjesbu Sperstad
Kent André Rusten Sveine
Nina Sveine
Ragnhild Kristina Sørhage
Vebjørn Teigen
Unn Kristin Øien Øverli

Konfirmantar i Garmo kyrkje

laurdag 25. mai kl. 12:00

Lina Brenden
Emil Fjeld
Ragnhild Grøna

Konfirmantar i Bøverdal kyrkje

laurdag 1. juni kl. 12:00

Stein Ove Bråten
Idun Bøje Kvandalsvoll
Marius Nørjordet Moen
Frieda Kjems Schöpflin

Dugnadar:

Raking: Lom 2. mai kl. 17:00

Garmo 6. mai kl. 18:00

Bøverdalen 9. mai kl. 18:00

Planting: Lom 4. juni kl. 17:00

Garmo 5. juni kl. 18:00

Bøverdalen 6. juni kl. 18:00

Hawo si hjelpende hand

Etter at mamma og storebror døydde har 12 år gamle Hawo tatt over mykje av det daglege ansvaret for familien. – Aller helst vil eg bli sjukepleiar. Fordi eg ønsker å hjelpe andre.

Smilet sit eit stykke inne, men det er likevel ein vaksen mildskap i blikket til Hawo. Ei blanding av sjelense, og opplevingar ingen unner eit barn. For få år sidan, ho hugsar det så godt, levde ho med mor og far, fem brør og ei syster. Eit enkelt, men godt liv som nomadar ute i det golde ørkenlandskapet i Puntland i Somalia. Det var før regnet slutta å kome. Sesong etter sesong. Før geitene dei levde av byrja å døy, eitt dyr om gongen. Før dei sjølve vart utmagra. Før Hawo mista mamma og deretter storebror. Han var berre skinn og bein, og då han vart sjuk makta ikkje kroppen meir.

Livreddande vatn

– Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy, sier Hawo med lav stemme. Ho fortel at dei vaksne bestemte at storfamilien måtte kome seg til provinshovudstaden Garowe. Hit til flyktningeleiren Jilab 3, der nye klimaflyktningar strøymar til kvar einaste dag. Frå 2010 til 2012 vart Somalia ramma av den mest alvorlege tørka på 60 år og hungersnauden tok livet av nærare 260.000 menneske. Ifølgje FN er 2.6 millionar somaliarar i dag på flukt, hovudsakleg frå tørke, men òg frå konflikt.

Dei har mista stort sett alt, men heldigvis sørger Kirkens Nødhjelp for reint vatn her i leiran. Det er helt avgjerande for å unngå vassbårne sjukdomar som kolera – og for at folk skal kunne overleve under



dei særskrivande tilhøva. Dei daglege turane til ein av vasspostane er det Hawo som står for. I tillegg til at ho lagar mat, vaskar kle, passar småsøsken og held reint i og utanfor det enkle teltet. Etterpå gjer ho mykje av det same også for tanta som bur i ein annan flyktningeleir 20 minutt gange unna.

Eitt av dei beste

– Hawo er eitt av dei beste barna som fins. Ho er framleis så ung, men gjer alt av husarbeid, også mange ting vi ikkje treng å behinne om. Ho er ærleg, og gjer mykje heilt på eige initiativ, eg trur at ho kan bli ein god gründer, seier Fadumo Abdinur Hirsi (60) og klappar kjærleg på tantebarnet sitt.

– Eg vil vere ei flink jente. Eg ønsker å hjelpe andre, og om eg får jobb på eit sjukehus kan jeg hjelpe mange. Og kanskje gje ballar til barna, så dei har noko å leike med. Det har eg lyst til, seier Hawo.

Avhengig av hjelpe For at Hawo og andre skal få reint vatn trengs det hjelpe frivillige. Folk som ikkje er på flukt, men som har engasjement, slik som Hawo, og eit ønske om å hjelpe menneske i ein særskrivende situasjon. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen.

Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Somalia. For Hawo og fleire tusen andre flyktningar har dette vore livsviktig hjelpe.

Vi vonar de vil ta vel imot konfirmantane våre, som er bøssekærarar mandag 8.april.

Prestegardens kvinneforening


Det vert møte på Sandom tysdag 9.april kl 18 00.

Deretter 14.mai og 17.juni, stad er ikkje sett opp enno.

Kontakt: Anna Magni 470 76 812 for meir informasjon

Nattverden er glutenfri!

Nattverden skal vera for alle, og vi kan med glede informera om at avlettene vi nyttar under rita er glutenfri. Desse avlettene er dessutan særskilt stuttreiste: Det er Ragnhild Teigen Bryn som står for den flotte baksten.



Lomskyrkja

- I førkristen tid stod det truleg eit hov på denne plassen
- Heilage Olav påla lomværane å reise kyrkje her
- Arkeologiske utgravingar syner at det har stått bygg her tidlegare
- Start på bygging av Lomskyrkja ca. 1158
- Påbygg av kjerringsvala 1634
- Påbygg krossarmane og tårnet 1663
- Reformasjonen 1536 – kyrkja vart etter kvart reinska for det meste av inventar





Bygdafana heng i midtskipet i Lomskyrkja. Fana er truleg frå 1600 talet. Den høyrd til «bondekompaniet» som var utanom den regulære hæren. Den har eit fredeleg motiv, - ei skjeltreko. I kyrkjeboka frå 1733 skildrar presten fana og det står m.a. om skjeltreko: «til en erindring om gamle lovverdige vandringer som av gammel tid først er oppdaget på Lom til at vande ageren.»





Høgt oppe på austveggen av hovudskipet, ved sida ein glugg der ljuset fell inn frå nordsida, har vi den best synlege runeinnskrifta i kyrkja, rita med tjuer. Runeinnskrifta er tolka på to måtar:

- Eg har vore her, Magne, nærmeste granne
- Eg har nådd inst i hjørnet

Takmåleriet frå 1608 i koret syner Jesu dåp. Andletsdraga åt personane ser asiatiske ut så ein kan undrast kor den ukjende kunstnaren har henta inspirasjon.



Pynteljoskrone i tre, gjeven av Ola Rolvson Blakar i 1664.



Ljosskjoldet på veggen bak altaret, brukt ved gravferda til Anna Dorteia Wolf i 1757. Ho gifta seg med sokneprest Johannes Michael Klem to år før ho døydde.

I det innvikla mønsteret kan ein ane bokstavane W og K.



I 1793 fekk Jakup Sæterdalen i oppgåve å modernisere den gamle prekestolen med ljodhimmel ved å leggje på akantusskurd. Det gjorde han særskilt godt. Han skar også korboge som han gav til kyrkja.





Smijern på inngangsdøra, fløtt frå den opphavlege vestportalen ved ombygginga i 1634. Smijernsarbeidet frå mellomalderen blir kvar sommar fotografert av tusenvis av turistar som kjem for å sjå kyrkja. Årvisse gjestar er også elevar som går i smedlære på Hjerleid.





Gud till Ære. Kirken till Prydelse. Er dene
Tavle given till Moens Hovedkirke. Sinsæ af den
Sct. Fr. Margrete Jonsdatter Sperstad. 1712

Kroninga av Maria, - gjeve i 1712 av Margrete Jonsdatter Sperstad. «Gud til Ære, Kirken till Prydelse. Er dene Tavle given til Moens Hovedkirke.» Eggert Munch (1685-1767) var presteson frå Vågå som fekk ungdomsår og målarutdanning i Danmark. Det finst 58 votivtavler måla av Eggert Munch i kyrkjene i Nord-Gudbrandsdalen, 19 av desse i Lomskyrkja.

Votivtavlene eller måleria har bibelske motiv og er laga etter forlegg, dvs. førebilete.



Figurar nedst på veggen bak altaret. Dei vart måla over etter reformasjonen, men med grundig restaurering-sarbeid fekk ein figurane fram att. Kven dei er, er usikkert. Kan det vera lærersveinane, kyrkjefyrstar eller kan hende bygdafolk som var med da kristentrua etter kvart fekk fotfeste i Lom?



Haagaa-benken:
Folket frå Haagaa og
prestegardsfolket delte
benk, men dei kom ofte
til ulike tider når det var
kyrkjetid.
Dette førte til at
Haagaafolket måtte be
prestegardsfolket om
å reisa seg for å koma
inn i benken. Dette fekk
Rasmus Elvesæter(Haagaa)
slutt på nå han fekk saga
til eigen inngang til sine.
Den delen av benken som
vart saga ut, er framleis å
finna i Haagaa.



Kjelder:

- Henriksen V. og Kolden A. – «Lom stavkirke». Lom sokneråd, 2000.
- Engen A. – «Treskurd og treskjærarar i Gudbrandsdalen», Thorsrud forlag, Lillehammer, 1998.
- Christie, Håkon. «Lom stavkirke forteller». Oslo 1978.
- Vidar Haagaa





Heim og ætt

Døpte:

Lom:

03.02 Lars Rusten Høiberg
03.02 Ida Ziesler-Dalsegg
03.02 Jens Ziesler-Dalsegg
10.03 Alf Johan Sæterdalens



Jordfesta:

Garmo:

12.12 Hans Bø



Lom:

19.12 Eldri Foss f. 1931
04.01 Jarle Øyjordet f. 1955
11.01 Anne Barlund f. 1927
08.02 Ingrid Glimsdal f. 1925
12.02 Jan Olav Valbjørsløkken f. 1943
13.02 Torø Nørjordet f. 1915
15.03 Anne Kjørren f. 1935

Trusopplæringa som kjem

Sundag 24. mars

ynskjer vi å gje 9-åringane ein teikneseriebibel. Det vert messe med utdeling i Garmo kyrkje klokka 11:00 og i Bøverdal kyrkje kl. 14:00. Invitasjon kjem i posten!



Tysdag 4. juni vert 4-åringane inviterte til kyrkjegarden i Lom for å så blomsterfrø. Dette skjer same dagen som plantedugnaden. Invitasjon kjem i posten til dykk og.

Utdeling av kalender

Sundag 25. november vart 3-åringane inviterte til Bøverdal kyrkje for å få adventskalender. Det var mange forventningsfulle ungar som kom til kyrkja denne dagen. Lukene i kalenderen skal rivast av og limast fast ein annan plass i boka. Noko som til slutt dannar ei historie. Etter messa vart det servert kyrkjekaffe og bite`ti inne i kyrkja. Det vart ei triveleg stund med alt det livet som 13 3-åringar sprer om seg med.

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar.

Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.

Har du gløymt å betala inn? Vi set stor pris på om de betalar inn snøggast råd!

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdes abonnerar på bladet!

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 1. mai 2019!


Kyrkjelydstur

Måndag 17. juni til Fjærland.

Vi reiser til Stryn, Olden, Skei, Fjærland og heim att over Sognefjellet. Åge Mundal vil vera med oss i Fjærland. Vi kjem attende med detaljert program og pris seinare. Påmelding til Terje, tlf. 61 21 16 75 innan 1. juni.
Arr. Lom kyrkjelege råd.

Boka om Lom kyrkje

Tykte du bileta og tekstane om Lom kyrkje i denne utgåva av kyrkjebladet var spanande? Du finn mykje meir stoff om kyrkja vår i boka "Lom stavkirke" som vi har til sals for kr. 50,-!



Glimt frå tidlegare årgangar

KYRKJEBLAD

FOR
LOM



Nr. 4 * Mai 1989 * 48 årg.

Ung i kyrkja

Konfirmasjonsdagane står for døra. Atter ein gong skal festkledde ungdomar toge inn i kyrkjene våre. Vi ynskjer dei lukke til både med dagen og ungdomstida. Namna på konfirmantane våre denne våren står ein annan stad i dette nummeret av *Kyrkjebladet*. Vi oppmodar til å gjera denne namnelista til ei bøneliste. Be for kvar einskild konfirmant, – for konfirmasjonsdagane, – for heimane, for samværa i kyrkjer og familiar.

For mange år sidan hadde vi i ein kyrkjelyd vitjing av ei svensk ungdomsgruppe som kalla seg «Kyrkans ungdom». Eit fint namn som bar i seg ei programerklæring. Desse unge ville stå i ein bestemt samanheng: Dei hørde til i kyrkja.

Det er nettopp dette, «Kyrkja sin ungdom», vi ynskjer at konfirmantane våre skal vera seg medvitne at dei er, at dei vil vedkjenne og erkjenne å høyra til i kyrkja. Vi ynskjer at konfirmasjonen må bli ei stadfesting av å vera medlemmar i kyrkja, – og da meiner vi eit medlemskap som er noko meir enn det å stå med namnet sitt i ein protokoll. Vi ynskjer at dei unge må finne sin naturlege plass i kyrkja sitt rom, i kyrkja sine aktivitetar, – gudstenesteliv og i fellesskap og arbeid på andre måtar.

Men desse ynskja må vera fylgd av eit spørsmål om livet i kyrkjelydane våre er slik at det er attraktivt og naturleg for unge menneske å finne sin plass der. Legg vi tilhøva slik tilrette at det er meiningsfylt for unge å halde fram i kyrkja etter at konfirmasjonen er over?

Det er ingen grunn til å oversjå det factum at svært få av dei unge er å sjå regelmessig i kyrkjene etter konfirmasjonen. Ein freistnad på å klárlegge årsakene til det, vil vel verka ubehageleg på nokon kvar, kan hende. Nokon serleg hensikt har det vel heller ikkje.

Men eitt punkt kan vi i alle fall i denne samanhengen peike på: Dei unge har ikkje noko godt føredøme til regelmessig kyrkjegang i oss eldre. Det er heller skjeldan å sjå foreldre og born/unge sitje saman i kyrkjebenkane. Fleirgenerasjonsfamilien saman på kyrkjeveg er eit vakkert men diverre alt for skjeldant syn i vår tid. Ein opplever jamvel stundom å få høyre at unge menneske som går til kyrkja utan serskilt grunn, blir sett på med spørsmål og undring: «Han er da vel ikkje blitt reli'os?» Ja, skulle det forresten vera så ille? Skulle det ikkje vera normalt å gjera alvor av å leva det livet som vi fekk planta inn i våre hjarto i dåpen? Skulle det ikke vera ganske normalt å ta til seg næring for dette livet som skal vekse og utfalde seg i pakt med dei impulsane og tilskundingane vi møtte i konfirmasjonstida?

Å vera ung i kyrkja er å gå inn i både ein utfordrande og utfaldande livssituasjon. Det har si årsak i at det er den same Meister og Herre som kallar unge menneske til tru, fellesskap og teneste i kyrkja idag, som kalla tolv unge menn til å fylgje han da han gjekk her på jorda. Og vi veit noko om kva det førte til!

StH

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Sundag 10.03.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med dåp. Offer til kyrkjelydshuset.

Sundag 24.03.

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Utdeling av biblar til 9-åringane. Offer til Sandomstiftinga

Sundag 24.03.

BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Utdeling av biblar til 9-åringane. Offer til trusopplæringa.

Onsdag 27.03.

LOM HELSEHEIM kl. 11:00.

Laurdag 06.04

SKJÅK KYRKJE Team Skjærgårds kjem for å ha samling med konfirmantane i Lom og Skjåk. Det heile vert avslutta med ein konsert som er open for alle. Tidspunkt kjem seinare.

Torsdag 18.04. Skjærtorsdag

LOM HELSEHEIM kl. 11:00.

Torsdag 18.04. Skjærtorsdag

Glitterheim kl. 18:00.

Fredag 19.04. Langfredag

Spiterstulen kl. 21:15.

Laurdag 20.04.

LOM KYRKJE kl. 23:00. Påskennattsmesse saman med Skjåk.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå lom.kommune.no. Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Påske i Lom

Også denne påska vert det gudstenester i fjellet:

Skjærtorsdag 18. april vert det messe i

Glitterheim kl. 18:00.

Langfredag 19. april tek vi turen til Spiterstulen kl. 21:15.

Påskeaftan, laurdag 20. april, er det felles påskennattsmesse med Skjåk i Lomskyrkja, kl. 23:00. Det er ei stemningsfull og vakker messe med mykje song og musikk.

1. påskedag, sundag 21. april, er det høgtidsmesse i Lom kyrkje kl. 11:00.

Sundag 21.04.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Påskedagsmesse. Offer til Flykningehjelpa.

Sundag 05.05.

LOM KYRKJE kl. 19:00. Samtalegudsteneste.

Sundag 17.05.

LOM KYRKJE Kjem attende med tid i Fjuken og på facebook.

Laurdag 18.05.

LOM KYRKJE kl. 12:00 Konfirmasjon. Offer til konfirmantarbeidet.

Onsdag 22.05

LOM HELSEHEIM kl. 11:00.

Laurdag 25.05.

GARMO KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjon. Offer til konfirmantarbeidet.

Laurdag 25.05


LOM KYRKJE Tidspunkt kjem seinare. Messe i samband med Flåklypa Grand Prix.

Laurdag 01.06

BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjon. Offer til konfirmantarbeidet.


Sundag 02.06

LOM KYRKJE Avskilsmesse i samband med at Einar sluttar som sokneprest.



og offentlig høyring hausten 2019.

Konsesjonsutgraving, plankart og planforslagene, og målet er å ha et framlegg klart for første politiske behandling fram til 12. april (påske). Innspel kan sendast kommunens postmotor. Etter påske vil det bli arbeid vidare med



Status for arbeidet med kommuneplanene arealdei

Kontakt Sander Seithun på sander.seithun@lom.
kommune.no / 474 632 18 der som du har spørsmål.

Søknadsfristen for 2019 er sett til 12. april, og søknadar
kan sendast til post@lom.kommune.no

Du kan lese vedtekene for fondet på lom.kommune.no.

Vilkkaret er at tiltaka kjem allmenheta til gode. Midlane
skal fortynnsvis nytta til investeringar og til arrangement
aktivitetar som stimulerer til auka interesse og kunnskap
om flask, vilt og friluftsliv. I særskilde tilfelle kan midlar
fra fondet nytta til driftstilak. Tiltak i vassdragasavsnitta
som er direkte påverka av Tessereguleringsa og nærliggande
som er innanfor Garmo sokn skal prioritersat.

Det er opprettet eit fond som følgje av Tessereguleringsa.
Fritiltak prioritert (t.d. sjukerpbleiar, helsesekretær,
bli prioritert med helseaggregat, helsetilskott, helsesekretær,
Nærare opplysingar far du av Laila Kleiven Frynun
pa dl. 61 21 72 00 eller av Synne Skogsrud Bjørgen
pa dl. 481 65 519.

for å seka: lom.kommune.no
På nettsidaen til kommunen finn du alt du treng
som kan finnastre små og store prosjekt.

Her kan du enkelt finne fram til aktuelle tilskot
Tilskuddsportalen

Lag og organisasjoner i Lom kan seka i

Søknadsfrist 1. april

Allie fritiltak lag og organisasjoner som driv
aktivitet innan kultur og idrett kan seka
Kommunale kultur- og idrettsmidlar

Løn etter avtale. Søknadsfrist 25. mars 2019.
Søknadskjema finn de på lom.kommune.no

Nærare opplysingar far du av Laila Kleiven Frynun
pa dl. 61 21 72 00 eller av Synne Skogsrud Bjørgen
pa dl. 481 65 519.

(Ufaglært med relativt praksis kan også bli
dei nemndeлагområda kan også vera aktuelle.

helsepleiar, helseaggregatbeidet). Studentar innan
bli prioritert med helseaggregat, helsesekretær,

Søkjær med helseaggregat kommunen vil

Løn legekontraktre i tidsrommet 01.07. - 18.08.19

FERIEVIKAR HELSESEKRETER

Søk om tilskot til flask, vilt og friluftsliv
- Tessefondet

Nye Leiarar i Lom kommune

Det er gjort endringar i leiarstrukturen i Lom kommune:

Syne Skogsrud Bjørgen har frå nyttår teke over som tenesteleiar for Helse og Velferd etter Bjørn Bakke som går av med pensjon.

Ho fortset samstundes som leiande fysioterapeut. Det er tenkt at ho skal fungera 60% som tenesteleiar og 40% som leiande fysioterapeut. Syne vil ha kontor på Helse sentret i Lom. Ho er aldriuk for at ho har mykje å lære, men gjør seg på nyt utfordringar og hjaper at ho med tida kjem til å mestre den nye rolla si i Lom kommune.



Trond Byre-Hakkenes har frå nyttår fått et utvida leiaransvar i Lom kommune. Frå før har han hatt ansvar for serviceprosjektet og vore koordinator for digitalisering. Nå har han også fått det overordna ansvar for Utgård, biblioteket og ungdomsklubben.

I stillinga si vil han også ha ansvar for å koordinere kommunen sitt samarbeid med frivillige lag og organisasjoner. Trond gjør seg til å overordna fysioterapeut for fysioterapet. Synne vil ha kontor på Helse sentret i Lom. Ho er aldriuk for at ho har mykje å lære, men gjør seg på nyt utfordringar og hjaper at ho med tida kjem til å mestre den nye rolla ta fast på nye oppgåver.

08. Januar var kommunistre samla for å diskutere tilly-tilting og bulyt i kommunen. Den frivillige, nypoststarer oss»-prosjekt jobbar med å moglegheiter i regionen vår. I møtet vart både «Lev i Lom» og «Kom til oss» representert.

Tillytting og bulyt

«Lev i Lom» var starta etter ein næringsspush i Lom i no-Mykle av arbeidet til begge prosjekta går ut på å syn- legjerar moglegheitene i regionen vår og dei er det mange av! Så mange att alle innbyggjarane i kommune trenget for å vise dei fram og ta dei i bruk.

- Bruk emneknaggarane som representerer regionen og kommunen
- Framførar bygda vår og folka som bur her parkraker

Lom og regionen attraktiv, både for Dette kan du gjøre for å bidra til å gjera

Det er også mange avslutningar i regionen vår og dei er det mange avslutningar i regionen vår og dei er Mykle av arbeidet til begge prosjekta går ut på å syn- legjerar moglegheitene i regionen vår og dei er det mange av! Så mange att alle innbyggjarane i kommune trenget for å vise dei fram og ta dei i bruk.


- Ta vel i mot nye innbyggjarar

11. desember er et tiltræk for å syngje kva slags og kor vett om. «Sjulingssleppet» som var den formidlar dei ledige boligane dei seg å flytte til regionen og folk som kunne tenke føre føresprunder fra hus» har øg kvar veka selje. «200 ledige dei vil leige ut eller hus og spørje om brukta som ferie- tomme eller er busetader som har husetaker som har erer regionrådet å ledige hus» fokus- Med tiltaket «200 «Kom til Oss»

mane jobbar som first i regionen. Over 170 stillingar over 11. desember er et tiltræk for å syngje kva slags og kor halvparten av dessse faste, var laga ut



Satstar for kommunale tennester 2019



Lomsnytt

Informasjon fra Lom kommune - nr. 1 2019

Lom kommune

Teléfono: 61 21 73 00
Post@lom.kommune.no

Teléfono: 61 21 73 00
2686 Lom
Sognsvellsvegen 6